

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2

Juni 2023

Årgang 89 år



Som barn i ditt hus, har vi hver og en et sted, der vi kan søke ditt ansikt, og du gir oss av din fred.  
Så møtes vi her, i din store faderfavn. Du lar oss juble og glede oss, når vi er samlet i ditt navn.


*Salme nr.564 i Salmebok 2013. Tekst: Hans-Olav Mørk og Tore W.Aas*




**Reisa til  
Oberammergau  
S. 4**



**Kyrkjevalet  
S.7**



**Israel - tur  
S. 14**



**Den heilage  
Birgitta  
S.15**

## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiarsass. kyrkjevevjerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Kyrkjevevjerje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

### Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

#### Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

#### Framsida:

Foto: Ottar Midtrød

### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus

[hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)

Toril Hjartåker Hauge

[th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

## Love is Love

er eit velkjend uttrykk som blir brukt i vår tid. Forskjellige mennesker legg forskjellig innhald i dette ordspelet. Kjærleik er ei dyrebar gåve til oss menneske. Det å kunne elske der hatet rår og motsetningar reiser seg mot kvarandre er ikkje alltid like enkelt. Paulus skriv om kjærleiken at «alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han». Love is Love!

Når eg les desse orda av Paulus, så tenker eg umiddelbart på Jesus og den siste veka i hans jordiske liv. Her blei verkeleg kjærleiken prøvd. Sjå på Judas. Ein av hans nærmaste vener som forrådde han. Då dei møttest i Getsemanehagen, og Judas har med seg soldater for å gripe Jesus, trer Jesus fram og helsar han med «Min ven». Han visste kva han kom til å gjere og likevel såg han på han som sin ven. Love is Love!

Etter å ha gått gjennom ein vanvitig prosess der uretten og sviket stod sentralt, er noko av det siste han seier: «Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer». Ei setning som rommar alle involverte i Jesu lidingssoge. Og denne bøna om nåde gjaldt soldatane som spotta og slo han, han som tok tornekrona og pressa ned på hovudet hans, han som slo spikrane inn i handledd og fotblad.

Ein naturleg menneskeleg reaksjon ville vere å ta til motmæle og protestere på uretten som blei gjort denne siste dagen av hans liv. Og når hån og spott hagla, burde han i det minste kjenne på at han var krenka. Men han opna ikkje sin munn, står det. Kjærleiken held ut alt, toler alt. Og ingen har større kjærleik enn den som gjev sitt liv for sine vener. Jesus var ikkje komen for å realisere seg sjølv, men for å leve fullt ut for andre og til slutt gje sitt liv som vår frelsar. Love is Love.

Og tenk på Peter. Det siste han gjorde var å fornekte. Då Peter møtte Jesus sitt blikk etter denne hendinga, gjekk han ut og gråt sår, står det. Ei utilgjeveleg handling, ville vi sagt. Når det gjaldt som mest, så var nederlaget totalt. Men vi kjenner heile historia. På ei strand ved Genesaretsjøen nokre veker seinare får Peter og Jesus skværa opp. Ingen bebreidande ord, men eit djupt lodda spørsmål: Peter, elsker du meg? Der blir det ei fullstendig gjenoppretting av forholdet. Alt er tilgitt. Alt er lagt bak. Ei vandring saman er begynt på nytt. Love is Love.

*«Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig,  
misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig.  
Kjærleiken krenkjer ikkje, søkjer ikkje sitt eige,  
er ikkje oppfarande, gøymer ikkje på det vonde.*

*Han gleder seg ikkje ved urett,  
men gleder seg ved sanninga.*

*Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.»*

(1. Kor. 13, 4-7)

Love is Love

Einar Ekerhovd  
Sokneprest



Sokneprest  
Einar Ekerhovd



# Bli betre kjent med Bjørgvins nye biskop: Ragnhild Jepsen.

Tekst: Jens Z. Meyer, seniorrådgjevar kommunikasjon og kyrkjeleg forvaltning, Bjørgvin bispedøme. Redigert.



Biskop i Bjørgvin bispedøme Ragnhild Jepsen. Foto: Gyrid C Nygaard

**Ragnhild Jepsen blei vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Me fekk ein liten samtale med henne etter at ho var utnemnd, men enno ikkje hadde kledd seg i bispekåpa.**

## – Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

## – Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

## – Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.



# Det største amatørteateret i verda

Tekst og foto: Astrid Heidal

Ein vakker augustdag i 2022 finn me plassane våre i det enorme amfiet i den vesle byen Oberammergau i Syd-Tyskland, for å sjå eit svært spesielt skodespel. Det er system og orden. Dagens 4500 tilskodararar blir smidig losa på plass. Amfiet har sete til 6000.



Fire frå Fusa, Kristine Skåtun og Jim Berget, Astrid og Asbjørn Heidal, som tilfeldig møttest på busstur

## Spelet i Oberammergau

Pasjonsspelet i Oberammergau er enormt, med ei dramatisk og spesiell historie bak seg. I året 1633 kom bylepesten til den vesle landsbyen i Bayern. I tillegg var landsbyen omringa av konfliktane i 30-årskrigen. Panikk braut ut, og innbyggjarane bad til Gud om befrielse og beskyttelse. Dei gav ein lovnad til Gud: Så lenge landsbyen slapp unna pest og krig, skulle dei framføra eit spel om Jesu lidingssoge kvart tiande år. Soga fortel at pesten brått snudde. Berre to liv gjekk tapt, og dei som var sjuke, blei friske igjen.

Innbyggjarane heldt det dei lova. Skodespelet blei sett opp utanfor landsbykyrkja, og sidan 1634 har det blitt spela kvart 10.år.

Skodespelet har vakse med åra. Oberammergau har ca. 5400 innbyggjarar. Om lag halvparten er med på skodespelet, enten på eller bak scenen. For å få vera med, er det eit krav at du er fødd og oppvaksen i Oberammergau, eller du må ha budd der i minst 20 år.

Når spel-sesongen opnar, blir det fest, fargar og folkeliv i byen, med den gedigne framføringa av påskefortellinga frå Bibelen. Å gå gatelangs og titta inn i dei mange treskjerar/handverks-butikkane med sine praktfulle utstillingar, set kjøpelysta på ein stor prøve!

Landsbyen tek imot meir enn ein halv million menneske til spelet. Dei første 200 åra stod spelet på kyrkjegarden i byen. Men etter kvart kom fleire og fleire frå heile verda for å sjå, og spelet blei i år 1900 flytta til det nye pasjonsteateret, der det framleis er.



Treskjerarkunst i Oberammergau

Sesongen er formidabel, frå 14.mai til 2.okt. i fjor, med vel 100 framsyningar. Om lag 200 aktørar på scena. Sjølve spelet tek åtte timar, inkludert ein tre timars pause. I 2022 er det utsett i to år på grunn av coronaen – og framført for 42.gong. I 420 år! Neste sjanse blir i 2030!

## Pasjonshistoria på scenen

Spelet set i scene Bibelforteljingane frå påskeveka, frå Jesu inntog i Jerusalem – til korsfesting og død. Spelet vil setja bodskapen frå Gud i sentrum, til oppbygging for publikum. Handling og tekstar er bygde på sitat frå Jesu forkynning i Bergpreika og andre bibelsitat. For den som kjenner påskeforteljinga i Bibelen, er dette lett å kjenna att. Spelet vil visa at Jesus ynskjer å forandra menneskehjarta - gjera sin bodskap tydeleg.

Påskeveka dag for dag - med dei kjente hendingane og personane som Bibelen fortel om. Jesus som vekkjer opp Lazarus i Betania og driv handelsmenn ut av tempelet - så sauer spring og duer flaksar! Kaifas og Pilatus – dragkampen mellom religiøs autoritet og folket. Det siste måltid med Jesu læresveinar. Jesus på Oljeberget. Judas svikaren og hans kamp då han skjønna følgjene av sviket sitt. Forhøyret hos Annas i Det høge råd, og Jesus som blir spotta. Peter som nekta på at han kjente Jesus. Kong Herodes høgt på hest – romerske soldatar, tempelvakter, og kongens tenarar. Tidspresset på Pilatus for å få dommen avgjort før påskefesten. Og alle menneska "i Jerusalem" som myldra inn og ut av scena – ettersom forteljinga skrir fram - vaksne og born og dyr og duer. Alt frå glederop til anger, tortur og redsel. Jesus sin dødsdøme og oppstyret rundt korsfestinga. Kvinnene,



med Maria i gråt og kamp for sonen sin.. Og stilla ved grava - som så openberrar at grava er tom. Eit stille “folkehav” forlet amfiet etterpå. Det er mykje å fordøya. For mange av oss har deler av Jesu lidingssoge har fått “forsterka fargar”...



*Ikkje lov å fotografera under spelet. Foto frå nettet.*

### **Amatørar**

Dei kallar det amatørteater, men heile spelet med kostyme og sceneoppsett, lyd og lys, handling, skodespelarar, orkester og eit digert kor med soloartistar, alt verkar veldig profesjonelt! Fantastisk musikk som fyrste gong blei komponert i åra 1700-1800. Song og musikk

som fylgjer spelet skal vera vidareutvikla gjennom tide- ne for å fylgja fornying av oppsett og tekstar – ettersom språk og menneske endrar seg med tida.

Spesielt dette året er eit oppsett av tolv digre, vakre stillbilete ved sceneskifta – illustrasjonar av hendingar i Det gamle testamentet, hendingar som peiker fram- over mot Jesus. Eit døme er “Det frelsande blikk på koparormen” som bilete på Jesus på krossen.

### **Leir på hjul**

Turoperator Plusreiser arrangerer eit formidabelt antal turar til Oberammergau. Dei fleste med fly. ”Mer enn ferie” er deira slagord. Turteamet vårt er sjåfør Svein Bjarne Aase, med ekteparet Aud Karin Kjølvik Ringvoll og Ragnar Ringvoll som reiseleiarar. Dei gjer alt for at me skal ha ei sutalaus, behageleg, triveleg og innhaldsrik reise. Kvar køyredag folder Ragnar hender og ber for køyreturen. Han orienterer om folk, kultur, landsdelar og landskap der me fer. Og me observerer t.d. at på store jordbruksareal har solcelleanlegg over- teke for matproduksjon.



*Amfiteateret i Oberammergau*

*Framhald neste side*





Mektige Gross Glockner

Kvar dag har Aud Karin andakt – under fart. Før pasjonsspelet underviser ho om spelet, som går på tysk. Plussreiser har omsett tekstboka til norsk til sine kundar, ord-for-ord frå den tyske versjonen. Me skal vera godt førebudde! Og med Plussreisesongboka i handa ljomar songen i bussen.

### Elleve dagar på tur

Bussen vår startar på Stord og plukkar opp folk langs vegen til Kristiansand. På Colorlinekaien blir 50-seteren fylt opp av folk frå Sunnmøre og Molde, Bergen, Sørlandet og austom fjella. Colorline tek oss til Danmark. Så lange køyreteappar og overnattingar i Danmark, Tyskland og Østerrike på vegen sørover. Heimvegen går delvis same ruta, men med Kielferja til Oslo.

Med mykje humor og gode stubbar blir 4262 km til oppleving på oppleving. Zell am See i Østerrike er utgangspunkt for utflukter. Ein vakker turistby med imponerende velstelt landskap og dekorerte, blomempryda husvegger. Kvelden kjem med lysshow på sjøen, med fengjande musikk og fargesprakande fontener!

Utflukt til Gross Glockner i dei austerriske Alpane. Bussen kliv seg 4 mil oppover fjellsidene på svære svingar med stopp på Hochtorn, 2504 moh. Vakkert, majestetisk landskap, der kvitskodd lettast frå dal og topp etter kvart som me klatrar opp!

På veg mot målet, Oberammergau, går turen via Berchtesgaden og Kehlsteinhaus, kjent som Ørneredet, hytte-anlegget som i 1938 blei bygd som gåve til Adolf Hitler til hans 50-årsdag. Eit vanvittig prosjekt med 4 km smal, svingete veg opp til ein fjelltopp. Fire tunnelar med blanke, brusteinlagde tunnelveggar og -tak, heis i glas og gull 100 m opp gjennom fjellet, til hytta. Vilt -vakkert! No er Kehlsteinhaus eit ettertrakta turistmål.



Hitlerhytta Ørneredet

Eit siste høgdepunkt på turen er elvecruise på Rhinen - den enorme transportåra gjennom alle tider. Frå Rudesheim. På "kvar einaste" haug langs elva ruver gamle slott og borger. Dei stammar frå riddarkulturen på 1200-talet. Frodige vinplantasjar i liene – trass i langvarig varme og tørke. Småbyar, biltrafikk og jernbanetog fer forbi på begge sider. Kjempelange frakt- og turistbåtar på elva. Stor aktivitet! Enorm trafikk! Turen vår endar ved Sankt Goarshausen, ved den smalaste og grunnaste passasjen i elva. Bussen vår møter oss der og tek oss med opp på den sagnomsuste Loreley-klippen. Sagnet seier at ved denne klippen gjekk båtmannskap på grunn og forliste – forvirra av lokkande song frå ei vakker kvinne der oppe. Kvinna har fått sin statue på ein pynt ute i elva.



Elvecruise på Rhinen

TAKK FOR TUREN!

Den 11. september er det val til nytt sokneråd i Fusa sokn og til nytt bispedømeråd i Bjørgvin bispedøme. På valdagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemmer i Den norske kyrkja altså også velja kven som skal inn i dei lokale sokneråd, og kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitja på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting. Alle medlemmene i bispedømerådet sit nemleg også i Kyrkjemøtet.

I februar og mars arbeidde nominasjonskomitéane rundt om i sokna med å setja opp lister over kandidatar til å sitja i sokneråda. Kven som helst av medlemmene i Den norske kyrkja kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvalet, så lenge forslaget er skrivne under av ti personar med røysterett. Lista frå nominasjonskomitéen til det noverande soknerådet i Fusa var klar 31. mars.

Å vera medlem av eit sokneråd er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja her i Fusa har bruk for eit styre som består av menneske med ulik alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje vera av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal danna soknerådet. Så viss du ein gong blir spurt om å stilla som kandidat, svar frimodig ja til å bli med, eller foreslå andre eller deg sjølv som frivillige i kyrkjelyden sitt mangfaldige arbeid.

## Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja er ein plass der alle kan kjenna seg heime. Det betyr mellom anna å leggja til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebygging og aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gudstenester, dåps- og konfirmantundervisning, diakoni – det vil seia kyrkja si omsorgsteneste -, musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap. Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmer viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet.

## Fellesrådet sine oppgåver

To av dei som blir valt inn i Fusa sokneråd, blir av soknerådet sjølv valt til å sitja i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd som dekkjer Fusa og Os sokn. Fellesrådet består av to representantar frå kvart av dei to sokneråda, samt kyrkjererja, ein kommunal representant og prost.

Fellesrådet har ansvar for kyrkjebygg og gravplassar. Det har arbeidsgjeveransvar for dei

# Kven skal styra kyrkja der du bur, og kven skal styra kyrkja sentralt?

kyrkjeleg tilsette utanom prestane som har bispedømerådet som arbeidsgjever. Fellesrådet skal også fremja sokna sine interesser overfor kommunen.

## Bispedømerådet sine oppgåver

Bispedømerådet er regionalt og består av sju personar valt i kyrkjevalet samt biskopen, ein prest valt av prestane i bispedømet og ein lek kyrkjeleg tilsett valt av dei leke kyrkjelege tilsette i bispedømmet. Bispedømerådet skal fremja samarbeidet mellom sokna i bispedømet og elles utføra dei oppgåvene som dei blir tildelt av sokneråda, dei kyrkjelege fellesråda, Kyrkjemøtet eller Kyrkjerådet.

## Kyrkjemøtet sine oppgåver

Kyrkjemøtet er nasjonalt og består medlemmene av alle Noregs 11 bispedømeråd samt av preses, dvs. leiaren i Bispe-

møtet, og leiaren av Samisk kyrkjeråd. Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste organ; det fastset grunnlaget og læra i kyrkja. Difor kan Kyrkjemøtet kallast kyrkja sitt storting, mens Kyrkjerådet kan liknast med ei regjering. Kyrkjerådet har 17 medlemmer: Ein lek medlem frå kvart av dei 11 bispedømeråda, ein lek kyrkjeleg tilsett, fire prestar valde av Kyrkjemøtet og ein biskop valt av Bispedømmet. Kyrkjerådet førebear sakene som skal opp i Kyrkjemøtet, iverkset vedtaka som Kyrkjemøtet tar, og leiari arbeidet mellom Kyrkjemøtets samlingar.

Når du deltar i valet på nytt bispedømeråd, er du altså med på å bestemma kven som skal sitja i både Kyrkjemøtet og i Kyrkjerådet og dermed styra kyrkja sentralt.

## Kven kan røysta, og korleis gjer ein det?

Er du medlem i Den norske kyrkja og fødd i 2008 eller tidlegare, har du røysterett i kyrkjevalet. 15 år er religiøs myndigrettsalder i Norge; derfor har du røysterett i kyrkjevalet tre år før du kan røysta ved dei politiske vala.

Til Fusa sokneråd skal det veljast åtte faste medlemmer og fem varamedlemmer. Det ligg føre berre éi liste med kandidatar. Du kan gje tilleggsstemme til inntil tre personar på lista ved å setja kryss ved namnet deira på lista, og du kan føya til inntil tre namn på andre valbare personar i soknet. Desse skriv du nedst på røystesetelen.

Til Bjørgvin Bispedømeråd skal det veljast sju faste medlemmer med varamedlemmer. Her kjem det til å liggja føre fleire lister med kandidatar. Når listene er klare, blir dei kunnngjorde på nettsida [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no).

### Førehandsrøysting – for fyrste gong også digitalt

Mellom 10. august og 6. september kan du røysta på førehand, og nytt i år er at du kan gjera det digitalt ved kyrkjevalet.

Den digitale førehandsrøystinga er eit stort framsteg for valgjennomføringa. Målet er mellom anna å gjera det enklare å røysta, og å auka valdeltakinga. Det gjer også valarbeidet enklare lokalt, sidan det blir færre stemmesetlar på papir å telja opp. Systemet sikrar hemmeleg val og blir lagt opp slik at det blir lett for sokneråda å få tilgang til resultatet av dei digitale stemmene.

Om du vil røysta digitalt, loggar du deg inn på valportalen på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) ein gong i tidsrommet 10. august – 6. september og avlegg stemma di der. Det er også mogleg å førehandsrøysta på kyrkjekontoret i Eikelandssosen i vekene før valet. Vil du førehandsrøysta i eit annet sokn enn der du bur, må du gjera det innan 1. september.

### Valdagen måndag 11. september

På sjølv valdagen 11. september finn du kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider.

Om du lurar på noko i samband med valet, ta kontakt med kyrkjekontoret eller gå inn på Den norske kyrkja sine nettsider om valet: <https://www.kirken.no/valg>

Kjelder og illustrasjonar: Den norske kyrkja: [www.kirken.no](http://www.kirken.no) og Store norske leksikon: <https://snl.no>



# Kyrkjevalet 2023

## Kandidatar til soknerådvalet i Fusa

Det er 13 kandidatar på Nominasjonskomitéen si valliste. Kyrkjebladet har bede dei nemna kva oppgåver dei meiner det er viktig å arbeida for i Fusa sokn.

Her er svara deira.



Foto: Den norske kyrkja



**Sigbjørn Sundfjord,**  
f. 1966, Sundfjord.  
Tømrar, konstruktør,  
småbrukar

- Ungdom, konfirmantarbeid
- Gudstenester med plass for både unge og eldre
- Fellesskapsbyggjande arbeid i kyrkjelyden
- Halda kyrkjer og gravplassar i god stand

1



**Toril Hjartåker Hauge,**  
f. 1970, Nordtveitgrend.  
Bibliotekmedarbeidar

- Best mogleg standard for kyrkjer og gravplassar
- Etiopia-prosjektet: Arbeid for brannskadde barn
- Kyrkjebladet

2



**Lars Erik Dalland,**  
f. 1953, Baldersheim.  
Pensjonist

- Eldre, meir satsing på dei.
- Best mogeleg standard på kyrkjer og gravplassar.
- Økonomien til soknet, samarbeid med det offentlege

3



**Britt Mari Gjerde,**  
f. 1972, Eikelandsosen.  
Lærer

- Born
- Ungdom/Konfirmantar
- Misjon

4



**Øyvind Nordbø,**  
f. 1959, Baldersheim.  
Agronom,  
industriarbeidar

- Fellesskapsbyggjande arbeid i kyrkjelyden.
- Innhaldet i gudstenestene med meir bruk av kor
- Best mogleg standard på kyrkjer og gravplassar

5



**Atle Næss,**  
f. 1962, Boga.  
Røyrleggjar

- Frivillig arbeid, meir satsing på rekruttering og oppfølging av medarbeidarar

6








- Barn
- Ungdom og konfirmasjonsarbeid
- Prosjektet i Etiopia med brannskadde barn

**Inger-Lise Prestegard**, f. 1978, Strandvik.  
Tannlege

7



- Ungdoms- og konfirmantarbeid
- Etiopia og brannskadde barn
- Kyrkja si naudhjelp og anna naudhjelp

**Linda Frøyset**, f. 1968, Sævareid.  
Lærer

8



- Ta vare på kyrkjebygga
- Frivillig arbeid

**Hartvig Haugen**, f. 1956, Sævareid.  
Oppsynsmann

9



- Dåpsopplæring

**Audny Samnøy Stuen**, f. 1964, Skjørsand.  
Overingeniør

10



- Arbeid med unge og konfirmantar
- Besøksteneste og dikonalt arbeid
- Påverka innhald i gudstenesta

**Jan Ole Høiby Hansen**, f. 1968, Fusa.  
Industriarbeidar

11



- Salmar
- Kyrkjeblad
- Kulturarrangement

**Samson L. Øpstad**, f. 1953, Fusa.  
Forskar

12



- Ungdom og konfirmantarbeid
- Besøksteneste
- Naudhjelp

**Engel Magne Berge**, f. 1951, Hålandsdalen.  
Pensjonist

13



Foto: Private, Fusa sokn,  
Den norske kyrkja



# Konfirmantar i Fusa sokn 2023



## **Strandvik kyrkje 29. april**

Bak f.v.: Eivind Vik Tveit, Endre Nicolas Da Rosa Holmefjord, Maria Angelskår og Magnus Godøy.  
Framme f.v.: Sokneprest Einar Ekerhovd, Triana Kaelo Nerhus, Symra Emilia Garverhaugen, Charlotte Skarstein Bakka og Maria Dalland.

Foto: Aud Jorunn Tomine Mjelstad



## **Hålandsdalen kyrkje 30. april**

Bak f.v.: Andreas Lister Midtrød, Kine Holmefjord og Oliver Gjørn Nielsen.  
Framme f.v.: Sokneprest Einar Ekerhovd, Léna Skjelbreid Poireé, Ingeborg Henanger Halvorsen og Leah Øygard Eide.

Foto: Toril Hjartåker Hauge



## **Hålandsdalen kyrkje 30. april**

Bak f.v.: Christian Nordbustad Tombre og Ole Bruland.  
Framme f.v.: Sokneprest Einar Ekerhovd, Sandra Helene Rød Håland, Gjertrud Sveinsdotter Holmefjord og Thea Nilsen.

Foto: Toril Hjartåker Hauge



**Fusa kyrkje 6. mai**

Bak f.v.: Sokneprest Einar Ekerhovd, Lea Næss, Marte Kolle, Elias Eike-land, Ole-Jonas Næss og Aldo Mari Navarro. Framme f.v.: Julie Næss, Tuva Amalie Kvam Holmefjord, Sara Prestegard Skåtun, Sofia Sandven Øvrebotten og Karianne Foer.

Foto: Svanhild Dale Eikeland



**Fusa kyrkje 6. mai**

Bak f.v.: Adam Leander Øygard Store, Erik Jia Ådland, sokneprest Einar Ekerhovd, Adrian Helland Markhus, Even Espeland Hult og Jonas Øpstad-Håvik. Framme f.v.: Leo Egbe Rosvold, Jakob Eikeland, Lucas Rosvoll Heffernan, Ina Strøm og Renate Berge.

Foto: Hans Egil Brekke



**Sundvor kyrkje 7. mai**

F.v.: Sokneprest Einar Ekerhovd, Eivin Lukas Sannes Hovden, Eirik Markhus, Anne Marthe Bergesen Markhus og Heine Hauge-Breivik.

Foto: Norunn Rød Markhus.



# Bedehus-historier

## På veg til søndagsskulen via Langenuen

Fortalt av Ansgar Tveit, Strandvik

Eg vaks opp like nedanfor bedehuset i Strandvik, ved jordmor-svingen. Bror min og eg gjekk jamt på søndagsskulen på bedehuset, så også denne søndagsmorgonen ein gong utpå våren. Mor hadde dressa oss opp i søndags-finstasen, slik ho pleidde når me skulle på søndagsskulen. Men då me var komne ut på vegen, kom me på andre tankar. Me bestemte oss for å ta ein tur før søndagsskulen.

Og det vart ikkje ein liten tur; me gjekk til fjells – opp til Langenuen. Det var ein lang tur, og me var borte lenge. På vegen ned att trefte me sokneprest Skauge. Han var ferdig med messa si i Strandvik kyrkje og var på veg over til Fusa att. Han gjorde store auge når han trefte oss to gutane i tilgrisa finstas, men han sa ingenting.

Ho mor var ganske oppgitt då me kom heim i 4-tida på ettermiddagen, skitne frå topp til tå. Søndagskledda såg ikkje bra ut, og søndagsskulen på bedehuset hadde me ikkje vore på. Men det eg hugsar best, var at mor ikkje var sint på oss. Det gjorde intrykk. Det var nåde i praksis. Sidan gjekk me på søndagsskulen på bedehuset.



*Bedehuset «Berget» 2000.*

Foto: Erik Vangsnes. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden

### **Bedehuset «Berget» i Strandvik**

Strandvik bedehus vart bygd 1929 av Strandvik Indremisjon og fekk namnet Berget. Tomta kom frå Jan og Anders Åkre, og byggjenemnda bestod av Haldor Tuft, Anders Åkre, Henrik Ommedal, Johannes Boga og Hans E. Kvåle. Kostnaden kom på 6000 kroner; innbu og utstyr hadde ein verd på 2000 kr. I tillegg til å vera forsamlingshus for kristent arbeid, har Berget også hyst Framhaldskulen i Strandvik. Frå 2015 er det kunstnaren Anne Hesvik som eig og bur i det gamle bedehuset i Strandvik. Her har ho atelier og rom for utstillingar.

Kjelder: Vangsnes, Ella Marie Brekke. Heilt andre tider, b.3 (2005). [www.nrk.no/vestland](http://www.nrk.no/vestland)



*Bernhard H. Skauge (1891-1967), sokneprest i Fusa sokn 1937-1962. Her fotografert ved Holdhus kyrkje 1942. Fotograf: ukjend. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden*



Dei åtte bedehusa i Fusa sokn har romma eit vidt spekter av aktivitetar, personar og gjenstandar. Me i kyrkjebladredaksjonen ynskjer å få vist fram denne breidda. Til det treng me hjelp.

### Har du minne frå bedehusa, kunnskap eller tankar om dei?

Det kan vera små forteljingar, glimt frå fjerne eller nære episodar, bilde eller faktaopplysningar om bygging, drift, dugnader, utsmykking og folkeli i og rundt husa.

Om du ikkje vil skriva sjølv, fortel du munnleg til oss.

Kontakt Hans Einar Markhus 95 93 65 80 , [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)  
eller Toril Hjartåker Hauge 93 81 92 73, [th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

### Me ser fram til å høyra ifrå deg!





Foto: Lokalhistorisk arkiv Bjørnafjorden, Eikelandsosen bedehus Facebook, Foer bedehus Facebook, Kleppa, Johannes og Rasmussen, Alf Henry. Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordland (Sambåndet forlag A/S 2001), Toril Hjartåker Hauge.



**Os Gravferdsbyrå as**

**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**  
Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

**DE Rørleggerservice**

5645 Sævareid

**Mobil: 915 87 002**

E-post: [deror@online.no](mailto:deror@online.no)



Sentralgodkjent rørleggerfirma

**Gravminne**

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817  
[Leivmagnar.fosse@gmail.com](mailto:Leivmagnar.fosse@gmail.com)



L.M Fosse

**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandsosen

*Alt innen malerarbeid og tapetsering*



**Tif. 90 80 15 38**



**HERBALIFE ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

**TA VARE PÅ HELSA DI !**  
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169  
SIGNE GANGSTØ  
E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)  
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

**TA KONTAKT MED**

**BYGGMESTER**



**SVENN C. STORUM**

**951 56 327** [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)



## Bli med til Israel – Med Bibelen som guide!

Det er ni år sidan Fusa sokn arrangerte familietur til Israel. Det var ein flott tur – og no er det på tide med ein ny! Denne gongen blir turen litt kortare og med litt mindre fokus på ferie og strandliv, slik sett er den mest tilrettelagt for vaksne.

Israel er eit av dei dyraste landa i verda, men sannsynlegvis eit av dei som er mest spekka med opplevingar. Eit sentrum for verdspolitikkk og eit sentrum for verdsreligionar. Men viktigast for oss på denne turen; Landet der Jesus levde og verka.

Hans Einar Markhus og Einar Ekerhovd blir turleiarar og kjem saman med skandinavisk-talande guide til å ta oss med til viktige bibelske stader over store delar av Israel og dei palestinske områda.

Gode hotell i Tel Aviv, Galilea og Jerusalem med halvpensjon (middag og frukost) under heile turen.

Fly frå Bergen onsdag 18. okt. kl. 08.25 via Oslo og Istanbul. Ankomst Tel Aviv kl. 21.50.

Retur fredag 27. oktober med ankomst Bergen kl. 21.20.

### Innhald:

#### Tel Aviv/kysten/Haifa:

Den norske Israelsmisjonen sitt arbeid i Immanuelkyrkja i Jaffa/Tel Aviv, Jaffa – der verdsmisjonen starta, Cæsarea ved havet, Haifa, Karmelfjellet.

#### Galilea/nord:

Nasaret, Megiddo/Jezreel sletta, Tiberias, båttur på Genesaretsjøen, Saligprisningsberget, brødunderplassen, Kapernaum, Golan-høgda

#### Jordandalen/Dødehavsområdet:

Jesu dåps stad, Jeriko, Masada, Qumran, Ein Gedi, Overnatting i telt i beduinleir, kameltur, bading i dødehavet.

#### Jerusalem/Betlehem

Israel Museum, Yad Vashem, Oljeberget, Getsemane, Gravkyrkja, Gravhagen, Via Dolorosa, Vestmuren, Davidsbyen, Hanegalkyrkja, Gamlebyen, Fødselskyrkja, Hyrdemarken, m.m.

Det kan bli endringar i programmet. På dagar med ledig tid kan det bli tilbod om opplevingar som ikkje er i programmet, for dei som ynskjer. Lunch på dagtid blir på enkelt vis i lokale restaurantar/cafèar der me reiser og er ikkje med i prisen.

Pris: 28 900,- pr. pers. i dbl.rom. \*


\*Tillegg for enkeltrom. Atterhald om dollarkurs, endringar i avgifter. Utgangspunkt i 25 reisande.

Informasjon og påmelding: [www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa)

Meir informasjon: Kontakt dagleg leiar i Fusa sokn Hans Einar Markhus, tlf. 95936580, [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)

Påmelding: Så snart som råd – begrensa med plassar.

Israel – ei oppleving for livet.



# Eli Helland og Kristoffer Myre Eng inviterer til middelalderjazz

Tekst: Eli Helland og FMF, Bjørnafjorden lokallag

Eli Helland, artist og komponist, opprinnelig fra Bergen, nå bosatt i Åsgårdstrand, kom over tekster etter hellige Birgitta (1303-1373) i et birgittinsk kloster utenfor Falun på midten av 90-tallet.

Siden den gang har tekstenes kraft, i tillegg til fascinasjon over hellige Birgittas livshistorie, hennes fryktløshet, mot og mange pilegrims-vandringer, ikke sluppet taket. Tvert imot. Tekstene har inspirert henne til å komponere musikk til utdrag av hellige Birgittas himmelske åpenbaringer. Sammen med organist og jazzmusikere har hun jobbet frem et unikt uttrykk.

700 år gamle tekster løftes frem mellom orgel- og jazz-improvisasjoner, med tonale referanser til middelalderen. Det skapes en atmosfære av magi og mystikk med historisk ekko.

I 2017 ble musikken ble spilt inn og gitt ut på CD og strømmetjenester, og i den forbindelse var prosjektet på pilegrimsturné opp Gudbrandsdalen i middelalderkirker. Musikken har vært fremført i bl.a. Tønsberg domkirke, Aker kirke, Hamardomen, Røa kirke, Fon kirke, Borre kirke og Vår Frue kirke.

På konserten i **Holdhus kirke fredag 4. august** i år medvirker organist og pianist Kristoffer Myre Eng, Oslo. Arrangør er Fortidsminneforeningen, Bjørnafjorden lokallag.




**"Visa mig vägen"**  
**KONSERT** med foredrag  
Tekster etter hellige Birgitta (1303 - 1373)  
tonesatt av Eli Helland

Kristoffer Myre Eng piano  
**Eli Helland vokal**

**HOLDHUS KYRKJE 4.8. kl 19:00**  
BILLETTAR KR 350,-.  
Førehandsal hjå Olaug Bjørndal 482 61 757.  
Ring, send melding eller Vipps.



## Anbefalt litteratur om hellige Birgitta



Unn Falkeid.  
**Den hellige Birgitta, Enken som utfordret Europa**  
(Kagge forlag, 2021)



Helge Nordahl.  
**Den hellige Birgitta. Beåndet visjonær - begavet politiker**  
(Aschehoug forlag, 1997)



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
www.lhjertnes.no



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
narbutikken.severeid@narbutikken.no


VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtreno

www.vlimtreno

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**



5640 Eikelandsofen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: post@fusabetong.no

**ah** MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: firmapost@alfhjelle.no

**SPAR**



**Fusa**

Man-fre **07-21**

Lørdag **09-20**

**Tlf. 56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Eide**

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

**M E C A**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS

# 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no  
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46  
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

*Grafisk design og trykkeri*

**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Børndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN





# BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



## Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - katoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

# joker

## STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00  
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Sparebanken Vest  
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

## VI ER HER

www.spv.no



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

*Fusa og  
Samnanger*

## GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TTIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/S  
Rørteknikk /S

56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

# Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSSEN  
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelp  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slekting eller  
venn har  
gått bort.

Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

*En verdig og  
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post: post@bjornafjordengravferdshjelp.no

# SPAR

## Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK  
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no  
www.leiglandbygg.no






# BARNAS

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



## Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgaver.

Har du høyrte om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 03 71 00



## Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen - mer enn du tror



# Gudstenester i Fusa sokn

29.05.2023 - 17.09.2023

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Mai</b>				
29.05.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
<b>Juni</b>				
04.06.	18:00	Hålandsdal kyrkje	Jazzmesse	Treingingssøndag
11.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i treeingingstida
18.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i treeingingstida
18.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i treeingingstida
25.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i treeingingstida
<b>Juli</b>				
02.07.	12:00	Skoltane, Sævareid	Friluftsgudsteneste	5. søndag i treeingingstida
09.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
16.07.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Lekmannsgudsteneste	7. søndag i treeingingstida
23.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	8. søndag i treeingingstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Olsok
30.07.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	9. søndag i treeingingstida
<b>August</b>				
06.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	10. søndag i treeingingstida
13.08.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	11. søndag i treeingingstida
20.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	12. søndag i treeingingstida
27.08.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeingingstida
<b>September</b>				
03.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Vingardssøndagen
03.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Vingardssøndagen
10.09.	15:00	Eiklandsosen bedehus	Gudsteneste	15. søndag i treeingingstida
17.09.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeingingstida
17.09.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeingingstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

## Frå Kyrkjebøkene



### Dåp

#### Fusa kyrkje

26.03.2023 Lukas Breen Skibenes

26.03.2023 Amanda Næss Dale

09.04.2023 Leo Røseth Sværen

#### Hålandsdal kyrkje

16.04.2023 Mathilde Holmefjord Tveit

#### Strandvik kyrkje

28.04.2023 Triana Kaelo Nerhus



### Vigde

#### Fusa kyrkje

22.04.2023 Linda Eksund og Terje Rosvoll

#### Hålandsdal kyrkje

20.05.2023 Mari Ulevik Furubotn og Kurt André Gjørn



### Gravferd

#### Sævareid kapell

24.03.2023 Hans Peder Engevik, f. 18.09.1933

#### Hålandsdal kyrkje

29.03.2023 Torkel Kilen, f. 26.04.1932

04.04.2023 Lilly Janette Håland, f. 07.01.1937 (Bisetjing)

#### Sundvor kyrkje

05.04.2023 Sonja Helene Tveit, f. 16.11.1942

#### Fusa kyrkje

14.04.2023 Marta Røseth, f. 08.06.1935



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

S  
i  
d  
a  
n

S  
i  
s  
t

## Vikarprest i Sundvor kyrkje



Foto: Toril Hjartåker Hauge

23. april vikarierte Petter Ekerhovd-Ottesen for svigerfar sin i Sundvor kyrkje. Sitt daglege virke har han som studentprest i NLA i Bergen. Han er gift med sokneprest Einar si eldste dotter. Dei bur på Sotra med sine fire barn.

## Påskedag



Foto: Ingebjørg Sundfjord Gjør

Fullsett kyrkje til høgtidsgudsteneste i Fusa på påskedag. Kristus er sanneleg oppstanden!

## Sine Nomine

Ganske mange frammøtte fekk ei flott musikalsk oppleving av koret Sine Nomine med sin dirigent Iman de Zwarte i Strandvik kyrkje 18. april. Open kyrkje i Strandvik, som blir arrangert av Fusa sokn og Strandvik kyrkjeutval den tredje tysdagen i kvar månad, er verkeleg verd eit besøk.



Foto: Harald Geir Sæther

## Victoria Bakka i konfirmasjonsgudstenester

I årets konfirmasjonsgudstenester i Strandvik, Hålandsdalen og Fusa song Victoria Bakka solo, akkompagnert av kantor Iman de Zwarte. Forutan å vera musikar, studerer Victoria medisin i Bergen.



Foto: Toril Hjartåker Hauge

## Konsert med Fjord'n barnekor



Foto: Hans Einar Markhus.

4. mai hadde Fjord'n barnekor konsert med basar. Om lag 30 barn i alderen 5-12 er med – og sanggleda er stor! 90 tilhøyrarar fylte bedehuset i Eikelandsosen denne ettermiddagen, og bidrog med 15 000,- kr. i «straumstøtte» til bedehuset.